



Per Hansen
Bønesheien 238
5154 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1961 - 17/17719

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.09.2017

Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg frå ein fritidseigedom GBNR 26/78

Administrativt vedtak. Saknr: 243/2017

Tiltakshavar: Per Hansen
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12- 5
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20- 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 17.08.2017, søkt om utslepp, 2,5 pe, frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 26/78 i Drageneset 26.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til etterpolering/sandfiltergrøft på eigedomen gbnr 26/2 og derfrå vidare i grøft til sjø. Det ligg føre tinglyst avtale som gjev eigedomen gbnr 26/78 rett til dette.

Eigedomen har privat vassforsyning.

Nabovarsling:

Utsleppet vart nabovarsla 08.08.2017 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje kome merknader til søknaden.

Vurdering.

Planstatus.

Eigedomen gbnr 26/78 har i planføresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Meland status som LNF – spreidd fritidsbustad. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrettar:

Det ligg føre gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett for tiltaket.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillir NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon. Anlegget det er søkt om har kapasitet til 5 pe.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureinng, jf § 7 Forureiningslova.

Det ligg føre naudsynt erklæring som gjeve eigedomen gbnr 26/78 rett til å leggja leidning og til å føra reinsa avlausvatn på eigedomen gbnr 26/2.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrenring av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 2,5 pe, på gbnr 26/78 i samsvar med søknad journalført 17.08.2017 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering, slik motteke situasjonskart syner.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureinng, jf § 7 Forureiningslova.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på gbnr 26/78, i samsvar med søknad journalført 17.08.2017. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 17.08.2017, jf plan- og bygningslova § 29-4. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3. »

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Kart 26-78

Mottakere:

Per Hansen
Stendal Vvs AS

Bønesheien 238 5154
Blombakken 1 5911

BØNES
ALVERSUND